

Mandag 19. mai, 2014

Tilstandsrapport for grunnskulen i Samnanger 2013-2014

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd). Den årlege rapporten skal drøftast av skolereigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Det er fastsett i privarskolelova § 5-2, andre ledd, bokstav k, at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolane.

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å

føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne dvs.deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skoleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skoleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilsynsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformene, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	5
2.1. Elevar og undervisningspersonale	5
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	5
2.1.2. Lærartettleik.....	6
2.2. Læringsmiljø	8
2.2.1. Fagleg rettleiing	8
2.2.2. Trivsel med lærarane	10
2.2.3. Meistring	12
2.2.4. Fagleg utfordring.....	13
2.2.5. Mobbing på skolen.....	14
2.3. Resultat	16
2.3.1. Nasjonale prøver lesing ungd. steg	17
2.3.2. Nasjonale prøver lesing 5. steget	20
2.3.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget	21
2.3.4. Nasjonale prøver engelsk 5. steget.....	23
2.3.5. Nasjonale prøver rekning ungd. steg.....	25
2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg	31
2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	33
2.3.8. Grunnskulepoeng	37
2.4. Gjennomføring.....	38
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	38
2.4.2. Grunnskulepoeng 2013	39
3. System for oppfølging (internkontroll)	41
4. Konklusjon	42

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Tilstandsanalyse for grunnskulen i Samnanger 2013-14, pr 25.april 2014.

Samnanger kommune er i ein kontinuerleg prosess for å forbetra skulen og nå visjonen vår:

Ein god stad å vera - ein god stad å læra.

Skuleleiinga arbeider kontinuerleg med å byggja opp pedagogisk, sosial / relasjonell og fagleg kompetanse.

Dei fysiske læringsmiljøa er gode, men utemiljøa kan verta enda betre tilrettelagt for meir kreativ leik / samspel. FAU / foreldre ved barneskulen er involverte i oppgradering av uteområda. Barneskulen deltek i Trivselslederne, eit program for å auka aktiviteten i friminutta, leia av elevane, og førebyggja mobbing.

Det er framleis ei utfordring å kunna gje tilfredsstillande tilbod til elevane i 4.og 7.trinn, for å nå kompetansemåla i symjing/kroppsøving, pga tid til reising og deling av grupper.

Barneskulen og dei 3 barnehagane samarbeider om ein god og trygg overgang for 6-åringane. Rutinane for overgangar er til revidering.

Grunnskulen i Samnanger var nr 111 av 428 på KS-barometeret i 2013, og barnehagane våre kom på ein flott 22.plass. Våren 2014 er grunnskulen på 88.plass og barnehagane på 25.plass. Både fysisk og psykososialt miljø, læringsresultat og ressursbruk er blant faktorane som vert vektlegg i KS-kartlegginga.

Leiargruppa deltek i eit utviklingsprosjekt for å verta betre leiarar av ein lærande organisasjon. Skuleleiinga vil nytta lærande, kunnskapsutviklande møte for å utvikla skulane våre. Skulane har ein kultur for systematisk erfaringsdeling og profesjonell refleksjon. Effektmålet er å oppnå best muleg sosial og fagleg utvikling for elevane våre.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

Om Elevar og undervisningspersonale

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget.

I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Lokale mål

Lokalt mål å få 250 elevar på barnetrinnet, jf Skulebruksplanen.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
-------------------------	---------	---------	---------	---------	---------

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Talet på elevar	296	298	285	288	281
» Årsverk for undervisningspersonale	29,7	31,6	27,9	29,8	30,9

Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på trinn

Offentleg | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Alle trinn	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Trinn 4	Trinn 5	Trinn 6	Trinn 7	Trinn 8	Trinn 9	Trinn 10
Talet på elevar	281	29	33	24	23	27	31	24	26	28	36
» Årsverk for undervisningspersonale	30,9	x	x	x	x	x	x	⚠	x	x	⚠

Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Vurdering

Alle tal i skjema er frå teljingar 1.okt.2013.

Det er pr jan 2014 193 elevar på barnetrinnet og 90 på ungdomstrinnet. Dette er ikkje auke, men nedgang frå førre år.

Målet om 250 elevar på barnetrinnet er langt fram.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lokale mål

Lokalt mål i Samnanger:

Utvikla kultur for lærande møte, med refleksjon over metodar og tilpassa opplæring. Få ei felles forståing for tilpassa opplæring og ein kultur som fører til meir tilpassa opplæring og mindre

Kan inneholde data under publiseringsgrense.


spesialundervisning .

Å styrka lærertettleiken i dei 2 første trinna, for tidleg innsats som førebyggjande tiltak og ved tilpassa opplæring.

.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk


Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Lærartettleiken på ungdomstrinne skil seg frå ungdomstrinn andre stader. Med 2 store klassar og nødvendig deling i grupper i andre framandspråk, valfag og i ppraktiske fag, vert det få elevar pr lærar. Det er likevel høg bruk av spesialundervisning som gjev størst utslag.

2.2. Læringsmiljø

Om Læringsmiljø

Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga kvar haust for elever på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane
- Vurdering for læring
- Læringskultur
- Meistring
- Elevdemokrati og medverknad
- Mobbing på skolen
- Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

2.2.1. Fagleg rettleiing

Indeksen viser i kva grad elevane føler at dei får god rettleiing. Denne indeksen inkluderer i kor stor grad dei får vite korleis dei kan forbetre seg, og kva for krav det faglege arbeidet set.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Elevane i 7.trinn er blitt mindre nøgd med fagleg veiledning siste 3 åra, men låg over det nasjonale nivået førre skuleår.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

På mellomtrinnet på barneskulen svarte 78 elever. Når eleven har prøblem med å forstå oppgåver, svarar 51 at dei får god hjelp av alle lærarane, 17 av dei fleste lærarane og 7 av nokre få lærarar. Ingen av elevane seier at dei ikkje får hjelp.

Elevane i 10.trinn er godt nøgde med den faglege veiledninga, 3,4 i høve til det nasjonale nivået på 3,1.

2.2.2. Trivsel med lærarane


Indeksen viser elevane sin trivsel med lærarane knytt til fag og i kva grad elevane opplever at lærarane er hyggelege.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på trinn

Offentleg | Begge kjønn | Periode 2011-12 | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2011-2012

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Trivel med lærarane på barnetrinnet ligg likt med nasjonalt nivå på 4,1, og på ungdomstrinnet på 3,9 som er litt over det nasjonale nivået på 3,8.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Klasseleing og relasjonskompetanse har vore særleg vektlagt i etterutdanninga for dei tilsette på ungdomstrinnet dei siste åra.


2.2.3. Meistring

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Samnanger kommune ligg likt med nasjonalt nivå i meistring på barnetrinnet, og litt over for ungdomstrinnet for skuleåret 2013-2013.

2.2.4. Fagleg utfordring

Indeksen viser elevane si oppleving av faglege utfordringar i skolearbeidet.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

På fagleg utfordring låg barnetrinnet litt over nasjonalt nivå med 4,1, i 2012. 10.trinn låg noko under nasjonalt nivå på 4,1 med sine 3,8 for skuleåret 2011-12.

2.2.5. Mobbing på skolen

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.


Lokale mål

Samnanger kommune har nullvisjon mot mobbing, jf Strategi for oppvekst- og læringsmiljø - SOL - i Samnanger kommune (mai 2012) :

Barn og unge skal ha eit inkluderande oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Skulane har fokus på positive aktivitetar i friminutta som førebyggjande tiltak mot mobbing. Ungdomsskulen har ulike elevstyrte tiltak m.a. i kantina , og tett vaksentettleik i friminutta. Barneskulen har nyleg innført "Trivselslederne" for å auka elevstyrte positive aktivitetar i friminutta.

2.3. Resultat

Om Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

2.3.1. Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten


Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Samnanger kommune har som mål å vera best i Hordaland i lesing.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det er svært positivt at elevane i Samnanger får betre og betre resultat i lesing frå 5.trinn til 8.trinn og til 9.trinn -

God lesedugleik er avgjerande for ei positiv utvikling innanfor dei fleseste skulefag.

2.3.2. Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten


Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Samnanger skal vera best i Hordaland i lesing på 5.trinn.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det er eit mål at den andre leseopplæringa skal løfta fleire frå nivå 1 til 2, ved hjelp av lesekurs, gode hjelpemiddel for elevar som har dysleksi, og oppfølging av intensjonane i "Leseløftet" - med leseglede i fokus.

2.3.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Samnanger skal auka det fagleg nivå i rekning på 5.trinn til minst nasjonalt nivå både på meistringsnivå 2 og 3 .


Det krevst tilpassa opplring og faglege utfordringar for elevane som ligg på nivå 2 til å strekkja seg mot nivå 3.

I 2013 har 37,5 % av elevane nådd øverste meistringsnivå, mot 25,6 % av elevane på landsgjennomsnittet.

Målet om å vera minst på nasjonalt på nivå 2 - er ikkje nådd. Kun 29,2 % av elevane våre mot 48,2 % av elevane nasjonalt er på mellomste meistringsnivå, nivå 2, i rekning.

Samnanger kommune skoleier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Når 60 % av elevane i 2012 ligg på nivå 2 og berre 10 % av elevane på trinnet på nivå 3, tyder det på at fleire elevar bør få eit sterkare læringstrykk, og oppnå eit høgare nivå i rekning i 2012.

I rekning er det i 2013 altså mange Samnanger-elevar på nivå 3, med 37,5 % mot landsgjrnomsnitt på 25,3%.

Det er under landssnittet på det mellomste meistringsnivået, og diverre mange elevar på det lavaste nivået.

2.3.4. Nasjonale prøver engelsk 5. steget

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster


Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Minst på nasjonalt nivå på nivå 2 og 3.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

I engelsk på 5..trinn ligg Samnanger ganske likt med nasjonalt nivå . Litt under på lavaste nivå og litt over på mellomstenivå, og heilt likt nasjonalt nivå med 25 % på nivå 3, skuleåret 2013-14.

2.3.5. Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Lokalt mål i SAMNANGER I REKNING:


At elevane er minst på nasjonalt gjennomsnitt på dei 3 øverste nivåa.

Å sikra fagleg kompetanse i matematikk både på barne- og ungdomstrinnet

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på trinn

Offentleg | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på trinn

Offentleg | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 9 | Gutar | Periode 2013-14 | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2013-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det har vore positiv utvikling i rekning for denne elevgruppa frå 8. til 9.trinn, frå skuleåret 2012-13 til skuleåret 2013-14.

Det er positivt at få elevar er på dei to lavaste nivåa.

2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengene dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar


Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Samnanger kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

I engelsk har 8.trinn i Samnanger 74 % av elevane på middels eller høgt nivå dette skuleåret. Det er ei stor framgang frå førre skuleår, og litt over nasjonalt nivå totalt sett. Deer mange elevar på mellomnivået.

2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.


Lokale mål

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Mål for standpunkt karakterar i norsk, engelsk og matematikk: over gjennomsnittet for Hordaland både i standpunkt og til eksamen.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode
Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole | (Samla tal)

Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

2.3.8. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven


Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Samnanger skal ha minst 40 grunnskulepoeng, i gjennomsnitt.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Samnanger har hatt forholdsvis høge grunnskulepoeng. Våren 2012 var poengsnittet 4,4 over nasjonalt nivå, medan i 2013 var det 0,3 poeng under landssnittet, men 0,4 poeng over kommunegruppe 2. Det er ei positiv utvikling for den enkelte klasse i lesing, rekning og engelsk frå 5. til 8. og til 9. trinn i høve plassering på landsbasis. Gode grunnleggjande ferdigheiter påverkar positivt dei faglege resultatane / grunnskulepoenga.

2.4. Gjennomføring

Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Lokale mål

Lokalt mål i Samnanger at alle elevar både begynner på og fullfører grunnopplæringa, det 13-årige løpet.

Samarbeid med andre ungdomsskular i regionen og med vidaregåande skular skal halda fram. Samarbeid mellom faglærarar og skuleleiarar ved dei 3 ungdomsskulane i Samnanger, Fusa og Tysnes og Fusa vidaregåande skular i regionen vår skal medverka til større innsikt i kompetansemål og vurderingsgrunnlag i basisfaga, og til rett val av studieprogram for den enkelte elev, og såleis kunna hindra fråfall frå vidaregåande opplæring.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Samnanger kommune skoleeier	Kommunegruppe 02	Hordaland fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole	97,4	98,7	98,5	97,8

Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2012

Vurdering

Samarbeid mellom faglærarar og skuleleiinga ved dei 3 ungdomsskulane i Samnange, Fusa og Tysnes og med Fusa vidaregåande har medverka til større innsikt for personalet i kompetansemåla og vurderingsgrunnlag i basisfaga.

2.4.2. Grunnskulepoeng 2013


Lokale mål

Samnanger skal ha minst 40 grunnskulepoeng, gjennomsnittleg.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Samnanger kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Samnanger kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

3. System for oppfølging (internkontroll)

Alle resultat på nasjonale prøver og kartleggingsprøver vert vurdert av lærarane på trinnet / i teama, og er tema ved utviklingssamtalen for den enkelte elev.

Det er utarbeidd lokale rutinar for oppmeldingar, vedtak om fritak, resultatføring og oppfølging av resultatata på nasjonale prøver. Skulane arbeider med å få implementert dei vedtekne rutinane.

Frå våren 2014 gjennomfører Samnanger barneskule også frivillig nasjonal prøve i digitale ferdigheiter. Skulen kan då internt kunna følgja med på elevane sine ferdigheiter, og om lokale planar for digital kompetase for elevar og lærarar ev må justerast.

Skulane skal gjennomføra Ståstadsanalysen annakvart år. Dette er grunnlag for refleksjon og vurdering internt på skulen, og kan ev føra til nye mål og utviklingsområde for den einskilde skule.

4. Konklusjon

Konklusjon

Resultata på nasjonale prøver i dei grunnleggjande ferdigheitene - og avgangresultata for 10.trinn - viser jamt over ein god grunnskule i Samnanger. Både leiinga og personalet har fokus på det som skjer i klasserommet, på elevane si utvikling og utbytte. Læringsmiljøet har stor innverknad på læringsresultata. Gode relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elev er viktige for læringsmiljøet.

Barneskulen hadde hausten 2013 gode resultat på trivsel og motivasjon i følgje elevundersøkinga. Det er noko utfordringar på m.a rettleiing, arbeidsro og elevmedverknad.

Skulane har interne system for teammøte og fellesmøte, med rom for erfaringsdeling og profesjonell refleksjon. Skulane skal vidareutvikla lærande, kunnskapsutviklande møte.

Tilpassa opplæring / spesialundervisning gir framleis utfordringar både økonomisk og organisatorisk. Skulane skal i samarbeid med PPT arbeida for at tilpassa opplæring og ulike metodar vert vektlagd meir i den ordinære opplæringa. Tidleg innsats i barnehage og barneskule skal prioriterast.

Kommunen har god spesialpedagogisk kompetanse. Ei større utfordring er å ha god og stabil fagkompetanse i alle fag på ungdomsskulen, med få tilsette. Innføringa av valfag igjen, frå hausten 2014 på alle dei 3 trinna, krev at det også er behov for kompetanse i flere praktiske fag.